

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR EDELLAUVSKOG I SOGN OG FJORDANE. FREDING AV STEDJEBERGET NATURRESERVAT I SOGNDAL KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE FYLKE

Fastsett ved kongeleg resolusjon av 19. juni 2009 i medhald av lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr./bnr.: 63/4, 64/10, 64/26, 64/37, 64/44, 64/45, 64/46, 64/49, 64/50, 64/61, 64/67, 65/1, 66/1, 67/12 i Sogndal kommune.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 0,602 km².

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1 : 5.000 datert Miljøverndepartementet mars 2009. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Fredingsforskrifta med kart er tilgjengelege i Sogndal kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylke, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Føremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit tilnærma urørt naturområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi med varmekjær lindeskog, artsrike, solvarme berg- og engsamfunn, og artsmangfald knytt til solvarme levestader og daud ved.

§ 3 Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje først inn. Planting eller såing er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødige uroing. Nye dyreartar må ikkje først inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablur eller kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til telteirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for :

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsørend, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Reglane i §3 nr. 1-3 er ikkje til hinder for:

2. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
3. Jakt og fangst etter viltloven.
4. Beiting.
5. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 3 og 5, og § 5 nr. 2, 3, 5 og 6.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsveggar.
3. Hogst og utdrift i samsvar med vedteken forvaltingsplan.
4. Avgrensa bruk av reservatet som nemnt i § 3 nr. 5.
5. Oppsetjing av gjerde i samband med beiting.
6. Vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
7. Tiltak for å sikre trygg ferdsel på riksvegen.
8. Naudsynt øvingskøyning for formål nemnde i § 4 nr. 1.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

§ 7 Forvaltingsplan

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltingsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

1.1.1.1.1.1 § 9 Iverksetjing

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.